



Saksbehandlar: Sissel Brusegård, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 17/7920-9

Opplæringstilbodet for skuleåret 2018-2019

Fylkesdirektøren rår fagopplæringsnemnda til å gjere slikt vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding

Vedlegg:

1. Innspel fra opplæringskontor
2. Avgangselever i grunnskulen
3. Utlyst tilbod og inntekne elevar per skule skuleåret 2016-2017

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Opplæringstilbodet for skuleåret 2018-2019 skal handsamast i hovudutval for opplæring 21.11.2017.

I Opplæringslova §12-4 står:

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for best mogleg dimensjonering av den vidaregåande opplæringa, og gi fylkeskommunen råd om tiltak i samband med den årlege fastsettjinga av tilbod”.

Fagopplæringsnemnda sitt arbeidsutval hadde møte med opplæringskontora 28. september. Tema var innspel til dimensjonering av opplæringstilbodet og tilgangen på læreplassar i dei ulike bransjane. Opplæringskontora vart inviterte til å kome med skriftelege innspel til neste års opplæringstilbod, desse er omtala i saka.

2. Føresetnader

Fylkestinget sitt vedtak i skulebruksplanen, FT-sak 26/13 dannar grunnlag for strukturen i opplæringstilbodet. Tilboden som skal lysast ut må i størst mogeleg grad vere tilpassa venta søking til vg1 (tal avgangselever frå grunnskulen), og vidareføring av tilbod på vg2 og vg3.

Opplæringsretten er knytt til eitt av tre utdanningsprogram på vg1, eit vg2 som bygger på det aktuelle vg1 og vg3 som bygger på aktuelt vg2. Opplæringsretten er ikkje knytt til ein særskilt skule.

Den økonomiske ramma for opplæringstilbodet skuleåret 2017/2018 vert vidareført på same nivå som for inneverande skuleår.

Innspel frå opplæringskontora:

Opplæringskontoret for bygg- og anleggsteknikk

Opplæringskontoret meiner at på vg1 bygg- og anleggsteknikkbør bør det vere 12,5 – 13,5 grupper med følgjande fordeling;

4-5 grupper Mo og Øyrane, 4 grupper Sogndal, 2 grupper Florø, 1,5 gruppe Stryn og 1 gruppe Måløy vidaregåande skular.

Vg2 bør ha 12 grupper med følgjande fordeling;

Byggeteknikk 7 grupper; 2 grupper på Mo og Øyrane og Sogndal, 1 gruppe i Flora, Måløy og Stryn.

Anleggteknikk 3 grupper; 2 grupper på Mo og Øyrane vidaregåande skule og 1 gruppe på Sogndal vidaregåande skule.

Klima miljø (KEM); 2 grupper; 1 gruppe på Flora vidaregåande skule og 1 gruppe på Sogndal vidaregåande skule.

Stryn; det er viktig at ein tek inn fleire elevar på vg1. Erfaringa frå dette distriktet viser at mange søker vg2 anleggsteknikk og delvis KEM. Med denne «lekkasjen» frå vg1 vert grunnlaget for vg2 svekka og ein kan risikera at tilboden ikkje vert sett i gang. Dette bør ein unngå då behovet for vg2 byggeteknikk er stort i lokalt næringsliv.

Opplæringskontoret for anlegg- og bergverkfaga

Opplæringskontoret ber om at dagens tilbod på 3 grupper på vg2 anleggsteknikk blir vidareført.

Sogn Opplæringskontor

Opplæringskontoret gir oppmoding til ikkje å ta ned klassar innan vg2 industriteknologi, vg2 kjemi prosess, vg2 sal, service og tryggleik, vg2 transport og logistikk, vg2 klima energi og miljøteknikk. Tal klassar på vg1 må samsvara med tilboden som vert lyst ut på vg2.

Nordfjord Opplæringskontor

Har ingen innspel på opplæringstilbodet.

Opplæringskontoret for offentleg sektor

Opplæringskontoret ber om at det blir sikra tilbod for elevane ved Dale vidaregåande skule som i år går vg1 helse og oppvekst i relevante vg2 løp for kommande periode.

Opplæringskontoret for elektrofag

Vg1 elektro, 10 grupper med følgjande fordeling;

2 grupper på Sogndal, Flora, Førde og Eid, 1 gruppe på Høyanger og Årdal vidaregåande skular.

Vg2 elenergi, 6 grupper med følgjande fordeling;

2 grupper på Mo og Øyrane, 1 gruppe på Sogndal, Høyanger, Flora og Eid vidaregåande skular.

Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri

Opplæringskontoret peikar på at det er viktig at det er samsvar mellom tal klassar på vg1 og tal vg2 løp det skal rekrutterast til.

Tal vg2 grupper på industriteknologi må vera det same som i 2017. Opplæringskontoret meiner ein bør starta ein prosess med å få på plass ein gruppe til i kjemiprosess lokalisert i Førde/Florø.

Bilbransjens opplæringskontor

Vg2 køyretøy 3 grupper ei gruppe i kvar region.

Vg2 bilskade, lakk og karosseri, 8 plassar.

Opplæringskontoret ber igjen om opprettning av vg1 TIP ved Stryn vidaregåande skule.

Opplæringskontoret seier vidare at dei vil prøve å rekruttere frå vg1 elektro som har kryssløp til vg2 køyretøy.

Opplæringskontoret for transport og logistikk

Opplæringskontoret seier at for å utføre persontransporttilbodet og behovet i lastebilnæringa dei neste fem åra vil det vere behov for 70-80 nye sjåførar/lærlingar kvart år.

Vg2 transport og logistikk, 3 grupper, 1 gruppe i Førde, Sogndal og Stryn.

Opplæringskontoret for hotell- og matfag

Opplæringskontoret seier bransjen kan ta inn mange fleire lærlingar, spesielt i innan kokk-, institusjonskokk- og servitørfaget.

Vg1 restaurant- og matfag; 1 gruppe i Nordfjord og Sogn og 2 i Sunnfjord.

Vg2 1 gruppe i Nordfjord og Sogn, 2 grupper i Sunnfjord, gjerne ei $\frac{1}{2}$ gruppe matfag og 1 $\frac{1}{2}$ gruppe kokk/servitør.

Opplæringskontoret for fiskeri- og havbruk

Søkartala til vg1 naturbruk blå linje har vore svært positiv dei siste åra, dette regner opplæringskontoret med held fram i åra som kjem. Det er eit ønskje at talet plassar aukar framover.

Vg1 naturbruk blå linje 16-18 plassar frå 2018 - 2019, aukar med $\frac{1}{2}$ gruppe, og 1 gruppe frå 2021 -2022.

Vg2 matros og motormann; har rett dimensjonering

Ønskjer fleire plassar på YSK akvakultur.

4. Erfaringar frå arbeidet med formidlinga av lærlingar i 2017

30. august stod det att 63 søkjær med ungdomsrett utan lærepllass, dette er ein auke på 8 i forhold til året før. Dei nærmeste vekene etter dette fekk fleire søkjærar tilbod om lærepllass eller skuleplass, men i ein del lærefag har det vore vanskeleg å få lærepllass til alle.

Ved skulestart vart alle søkjærar utan lærepllass kalla inn til informasjonsmøte på dei vidaregåande skulane. Møte omhandla vg3-tilbod i skule og samtale med arbeidslivskontakten.

I år, som tidlegare år, er tilgangen til lærepllassar i bilfaga, elektrikarfaget og industrimekanikarfaget ikkje tilstrekkeleg i forhold til tal søkjær. Per 1. september sto det at 35 søkjærar til lærepllass i desse faga (10 i bilfaget, 12 i elektrikarfaget, 13 i industrifaga).

Søkjær til lærepllass med ungdomsrett har rett på eit tilbod. Dei som ikkje får tilbod om lærepllass i bedrift har rett på alternativ opplæring, vg3 i skule. Fylkeskommunane samarbeider om slike tilbod for at flest mogeleg kan gjera seg nytte av tilboda som vert sett i gang.

Sogn og Fjordane fylkeskommune opprettar i år vg3-tilbod i industrifaga, elektrofaga, bilfaga og i enkeltfag. I enkeltfaga blir det individuelle opplegg for elvane der dei har store delar av opplæringa ute i bedrift.

4. Fylkessdirektøren sine vurderingar

Fylkessdirektøren registrerer at det i innspela frå arbeids- og næringslivet er peika på at det i dei fleste faga/bransjane er bra samsvar mellom kapasiteten i skule og tilgangen på lærepllassar. Samstundes er det ingen av innspela som kommenterer ei samla vurdering av opplæringstilbodet, eller korleis ein skal løyse utfordringa i dei faga der det ikkje er samsvar mellom tal elevar som har søkt lærepllass og dei læreplassane som er tilgjengeleg.

Fylkessdirektøren legg saka fram for fagopplæringsnemnda utan tilråding.